



Møteprotokoll

Utval	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad	ATS, Luster arbeids- og treningssenter
Dato	09.06.2026
Tidspunkt	kl 10:00 - 12:30

Frammøtte

Hermann Odd Stein

Merete Aasen

Mona Åsen

Lars Jørgen Kjærvik

Observatør

Jon Ove Lomheim

Forfall

Kjellrun Susanne Vigdal

Varamedlem

Mette Alme

Andre som møtte:

Sekretariatet v/Mona Jacobsen

Lustrabadet v/Kent Monsen

Pyramiden senter v/Terje Teigen

Underskrifter:

Jon Ove Lomheim
leiar

Mette Alme

Saksliste

Saknr	Sakstittel
36/26	Konstituering av møte
37/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
38/26	Lustrabadet - tilgjenge ute og inne
39/26	Rådet for personar med funksjonsnedsetting - Status oppfølgingssaker, møte 9.6.26
40/26	Orienteringar, drøftingar og open post
41/26	Referatsaker

36/26 Konstituering av møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

- Opprop, forfall Kjellrun Vigdal, vara Mette Alme.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste og dagsorden for møtet, *ingen merknad*.
- Godkjenning av dagsorden/gjennomføring av møte,
- Mette Alme og Jon Ove Lomhem vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde*.

RPF - 36/26 vedtak

Mette Alme og Jon Ove Lomhem vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

37/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå dei to siste møta.

RPF - 37/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 7.5 og 12.05.26 vert referert utan merknader.

38/26 Lustrabadet - tilgjenge ute og inne

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

Rådet hadde besøk av dagleg leiar Kent Monsen ved Lustrabadet.

Rådet vil rette ros til Lustrabadet for eit flott anlegg som framstår som godt vedlikehalde og godt tilrettelagt.

Leiar for rådet orienterte om saka slik ho har vore handsama til no, med særleg fokus på uteområdet og parkeringsløyisingane. Leiar tek kontakt med Jan Magne Svåi for å etterspørje status for arbeidet med uteområdet.

Kent Monsen orienterte om at ledelinjene i golvet forsvann då flisene vart fjerna i 2022. Nye ledelinjer er bestilte og skal no kome på plass att. Han orienterte òg om innspel og ønskje om ein mobil personheis. Lustrabadet oppmodar rådet om å ta denne saka vidare med kommunen.

Rådet kom med følgjande innspel:

- Heisen til terapibassenget er for høg for enkelte brukarar.
- Badestolane i gardrobane er for høge for enkelte brukarar.

Det vart avtalt at rådet skal gjennomføre ei synfaring ved Lustrabadet etter sommaren, i samband med rådsmøtet i september.

RPF - 38/26 vedtak

Saka vert fulgt opp vidare.

39/26 Rådet for personar med funksjonsnedsetting - Status oppfølgjingssaker, møte 9.6.26

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

Pyramiden senter – besøk frå dagleg leiar

Rådet hadde besøk av dagleg leiar ved Pyramiden senter og fekk orientering om bygget og tilhøva ved senteret.

- Toaletta har god storleik, men rådet meiner dei har behov for oppussing.
- Rådet oppmodar om å sjå nærare på starten av rulletrappa og vurdere tiltak som kan gjere påstigninga enklare og tryggare.
- Det bør etablerast meir kontrastmarkering på trapper og ulike nivå for å gjere desse meir synlege.
- Rådet peikar på behovet for tydelege ledelinjer.
- Det er generelt lite kontrastar for synshemma. Rådet oppmodar til å nytte kompetansen til Blindeforbundet for rettleiing om eigna tiltak.

- Rådet meiner det bør etablerast handicapparkering med takoverbygg og moglegheit for lading. Parkeringsarealet utanfor ligg under kommunen sitt ansvarsområde og ikkje Pyramiden senter. Rådet oppmodar likevel Pyramiden senter til å påverke kommunen for å få på plass tilrettelagde parkeringsplassar.

Oppdatert oppfølgingsliste dat. 12.06.26 vert lagt på saka.

RPF - 39/26 vedtak

Saka vert fulgt opp vidare.

40/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje teke opp orienteringssaker.

41/26 Referatsaker

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til framlagde referatsaker.

RPF - 41/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.